

Hordabø skulemusikkklag  
v/leiar Vibeke Namtvedt  
Hella 116  
5936 MANGER

Kvalheim 31.3.2016

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

### **SØKNAD OM STØNAD TIL PROSJEKTET "Ein hyllest til livet og kjærleiken"**

Den 15.4.2016 inviterer Hordabø skulemusikkklag til show i Radøyhallen kl 19.00 for alle som ynskjer å høyra musikk frå musikalar, filmar, samt moderne og eldre popmusikk. Me er so heldige å ha med oss lokalt band og vokalistar. Showet inneheld melodiar som vert framført av korpset og band med vokalistar, aleina og saman. Gjestar er cheerleader-gruppa Hordabø Lions, og dei vil ha ei framsyning med spektakulære hopp og kast.

Eit nytt show har vore i tankane sidan sist konsert på Skogen Sletta hausten 2015. I januar 2016 har korpset, band og vokalistar øvd på programmet til denne dagen. Det vert nokre songar me har spela før, men òg nye innovde melodiar for både korpset, band og vokalistar. Me ynskjer å visa at korpsmusikk kan kombinerast med band og vokalistar med å framføra musikk som ikkje er typisk brassmusikk. Vonlegvis får me rekruttera fleire aspirantar og musikantar til korpset når me gjer dette. Viktigast er at våre noverande aspirantar og musikantar synes det er kjekt å øva på og framføra musikk som dei eller foreldra sjølv høyrer på elles.

Hordabø skulemusikkklag er glade når me får lov til å framføra dette showet under kulturdagane i Radøy kommune i Radøyhallen. Me er glade for at Radøy kommune støttar oss med at me får leiga Radøyhallen gratis, samt at me er med i informasjonsheftet om kulturdagane.

For å gjera dette til eit fullverdig show er me avhengig av mykje dugnadsarbeid med planlegging av showet vedrørande notar til musikken, organisering av "kafe", rigging i forkant og nedrigging etterpå. Dirigenten er musikalsk leiar og organiserer musikken saman til korpset, bandet og vokalistane. Me er so heldige at alle vaksenmusikantar, bandmedlemer og vokalistar øver aleina, på fellesøving og på showet på dugnad. Me har fastsett ein billettpolis per vaksen til kr 100,-/ barn kr 50,-, kanskje for låg, men dette er eitt av mange arrangement under kulturdagane og det skal ikkje vera inngangsbilletten som gjer at folk ikkje kan koma å høyra på.

Me er avhengig av å ha lys- og lydmann for at dette skal verta eit bra show. Det kostar oss kr 7.000,- i leiga inn Terje Mjøs som lys- og lydmann. Hordabø skulemusikken ynskjer difor å søkja om å få innvilga stønad til å dekkja halvparten av lys- og lydkostnadane - kr 3.500,-.

Hordabø skulemusikkklag sitt organisasjonsnummer er 984586973 og vår bankkontonummer er 3636 50 11855.

Me ser fram til positivt svar i frå Radøy kommune.

Med venleg helsing  
Hordabø skulemusikkklag

Bergfrid Tjore, styremedlem  
på vegne av styret  
<https://www.facebook.com/events/664657963677075/>